



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref: Dykkar dato: Vår ref: Vår saksbehandlar: Vår dato:
15.02.2019 26136/2019/REGULERINGSPLAN/1515 Synnøve Valle, 71 28 02 39 01.04.2019

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Leite fritidsområde - fråsegn ved offentleg ettersyn

Herøy kommune har lagt ut detaljreguleringsplan for Leite fritidsområde til offentleg høyring.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

I kommentarane våre til oppstartsvarselet peika vi på fleire punkt, mellom anna forholdet til eksisterande reguleringsplan for Leine-Remøyholm, tilpassing av fritidsbustadene og tilgjenge for barn og unge.

Grensa til eksisterande reguleringsplan er avklara i planframlegget og vi viser til uttalen frå Statens vegvesen som på vegner av Møre og Romsdal fylkeskommune har uttalt seg om mellom anna avkøyrse og tilkomst til fylkesvegen.

Planen omfattar fleire område med fritidsbusetnader, småbåthamn, friområde og ein badeplass. Illustrasjonsplanen viser eit svært tettbygd område der område BFR4 er lagt heilt i sjøkanten. Ved område BFR2 er det sett av eit smalt friområde til sjøen. Vi rår til at det vert sett av eit samanhengande friområde langs sjøen mellom friområda i søraust og nordvest. Dette vil gjere strandsona meir tilgjengeleg både for hytteeigarar, brukarar av småbåthamna og for folk flest.

I planomtalen vert det vist til at området ikkje er registrert som leikeareal i barnetråkk-registreringa frå 2012. Det er elles avsett eit område til badeplass i nordvest, men dette kan verte litt innklemt med hytter/orbuer og båtopptrekk like ved.

Automatisk freda kulturminne

Området har potensiale for ikkje kjende automatisk freda kulturminne, hovudsaklig frå steinalder og steinbrukande tid, men også jernalderen. Vi ønskjer derfor å gjennomføre ei arkeologisk synfaring. Dersom synfaringa viser at ei arkeologisk registrering er naudsynt, vil vi ettersende dette kravet med vedlagt budsjett, snarast mogeleg etter synfaringa. Ved ei eventuelt påfølgjande registrering, jamfør kulturminnelova § 9. pliktar tiltakshavar å dekkje utgiftene, jamfør § 10, same lov.

Då ei slik registrering ikkje er tinga, vil vi minne om at planen ikkje kan godkjennast. For tinging av arkeologisk registrering, ta kontakt med sakshandsamar ved kulturavdelinga, sjå kontaktinformasjon nedanfor.

KONKLUSJON

- Vi rår til å setje av eit samanhengande friområde mellom fritidsbustader og sjøen.
- Ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for å avtale arkeologisk synfaring.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog/rådgivar Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal